

Bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap

## “Fittehore!” – hatretorikk eller daglegtale?

## «Cuntwhore!»- haterhetic or colloquially?

Brage Johannes Sterri Yndesdal

PE379

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Sigve Høgheim

Innleveringsdato: 11.05.2018

Tal ord: 7672

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

# Innhald

1.	Samandrag.....	3
2.	Innleiing .....	4
	Presentasjon av tema.....	4
	Bakgrunn og mål for val av tema.....	4
	Presentasjon av problemstillinga .....	5
	Oppbygging av oppgåva .....	5
3.	Teori om kommunikasjon og språkbruk.....	6
	Kommunikasjonsprosessen.....	6
	Kommunikasjon er kulturelt betinga.....	7
	Negativ språkbruk, kontekst og konsekvensar.....	7
4	Metode og gjennomføring .....	10
4.1	Kvalitativ metode med fokusgruppeintervju .....	10
4.2	Validitet og reliabilitet.....	11
4.3	Førebuing og gjennomføring av fokusgruppeintervju .....	12
5.	Resultat og drøfting .....	15
	Presentasjon av resultata.....	15
5.1.1	Døme på negativ språkbruk .....	15
5.1.2	Kvar skjer den negative språkbruken? .....	16
5.1.3	Intensjon og bakgrunn.....	18
5.1.4	Kvar kjem den negative språkbruken frå?.....	19
5.1.5	Konsekvensar.....	20
5.1.6	Oppfølging etter intervjuet .....	21
	Drøfting av resultata.....	21
5.1.7	Negativ språkbruk – kontekst, bakgrunn og intensjon.....	22
5.1.8	Negativ språkbruk har konsekvensar .....	23
6.	Oppsummering og konklusjon .....	26
7.	Litteratur.....	28
8.	Vedlegg .....	29
	Vedlegg 1: Intervjuguide .....	29
	Vedlegg 2: Samtykkjeerklæring .....	31

## 1. Samandrag

Tittelen «Fittehore! Hatretorikk eller daglegtale?» er formulert som eit spørsmål der svaret nærast gir seg sjølv. Eg har valt denne tittelen for å spissformulere problemstillinga. Problemstillinga for oppgåva er fylgjande:

*Kva kjenneteiknar negativ språkbruk blant elevar, og kva konsekvensar har dette for elevane som vert ramma?*

For å kaste lys over negativ språkbruk, har eg sett på kva som kjenneteiknar språkbruken, ulike kontekstar for språkbruk, bakgrunn, intensjonar og konsekvensar. Føremålet er å forstå og forklare negativt språk som ein del av ein kontekstavhengig kommunikasjonsprosess.

For datainnsamling har eg nytta kvalitativ metode med fokusgruppeintervju av ei gruppe elevar. Intervjumetoden er utstrukturert med bruk av intervjuguide.

Undersøkinga viser at negativt språk blant elevane oppstår ofte spontant, i konkurranseprega kontekstar og har ikkje nødvendigvis som mål å såre eller fornedre. Uavhengig av intensjon og bakgrunn er konsekvensane likevel negative, og til dels svært alvorlege, for den som vert ramma.

## 2. Innleiing

### 2.1 Presentasjon av tema

«Fittehore, sug deg, du er verdens tjukkaste person». Dette er blant orda elevar brukar når dei kommuniserer med kvarandre. Er det ein intensjon bak slik språkbruk? Er det hatretorikk eller daglegtale? Kva konsekvensar har denne typen språkbruk?

Tema for oppgåva er negativ språkbruk mellom elevar. Eg vil finne ut korleis elevane snakkar til kvarandre i ulike kontekstar. Eg vil også undersøke meir om både bakgrunn, intensjon og konsekvensar av negativt språk.

### 2.2 Bakgrunn og mål for val av tema

Bakgrunnen for val av tema, er erfaringar eg har gjort meg i samband med praksis i lærarutdanninga. Ein av praksisperiodane var på mellomsteget i grunnskulen. Eg erfarte då at språkbruk og kommunikasjon var av ein slik karakter at enkeltelevar følte seg mobba. Studentgruppa, som var ansvarlege for klassen, iversette fleire tiltak, som reaksjon på negativ språkbruk. Mellom anna sende vi brev til alle foreldra i klassen, der vi informerte om både språkbruk og konsekvensar. Vi oppmoda foreldra om å samtale med barna sine. I tillegg gjennomførte vi elevsamtalar med alle elevane i klassen. Fleire elevar informerte då om at dei var utsette for negativ språkbruk, og at dette hadde negative konsekvensar for trivsel i skulen.

Desse erfaringane ligg til grunn for at eg ynskjer å undersøke temaet nærmare, systematisere og supplere erfaringane mine og drøfte dei i lys av teori.

Målet mitt med oppgåva er å finne ut meir om negativ språkbruk blant elevar. For å kaste lys over kommunikasjonen blant elevane, har eg sett på kva som kjenneteiknar språkbruken, ulike kontekstar for språkbruk, bakgrunn, intensjonar og konsekvensar.

## 2.3 Presentasjon av problemstillinga

I det følgjande presenterer eg problemstillinga, med tilhøyrande presisering og avgrensing.

Problemstillinga kan kort oppsummerast som følgjer:

*Kva kjenneteiknar negativ språkbruk blant elevar, og kva konsekvensar har dette for elevane som vert ramma?*

For å definere og forstå negativ språkbruk, er det ikkje tilstrekkeleg å berre fokusere på kva ord og uttrykk som vert nytta. Negativ språkbruk må forståast som ein del av ein kontekstavhengig kommunikasjonsprosess, der både sender og mottakar tolkar bodskapen. Problemstillinga tek opp i seg både bakgrunnen for, intensjonar med og konsekvensar av negativ språkbruk.

Elevar som anten nyttar, blir utsette for, eller er vitne til negativ språkbruk, er den primære informasjonskjelda i prosjektet. Hovudvekta er lagt på verbal kommunikasjon og elevane sine eigne erfaringar med språkbruk i klasserommet, i friminutta og i sosiale medium. Eg har lagt vekt på å intervju eit lite utval elevar og gå i djupna på deira erfaringar, heller enn samle informasjon som er eigna for å generalisere. Siktemålet er å forstå negativ språkbruk som element i kommunikasjonsprosessen mellom elevane, heller enn å kartleggje omfanget.

## 2.4 Oppbygging av oppgåva

Kapittel 1 gir eit samandrag av oppgåva. Etter å ha gjort greie for problemstilling og oppbygging av oppgåva i kapittel 2, følgjer ein presentasjon av den teoretiske forankringa til prosjektet i kapittel 3. I kapittel 4 er det gjort greie for metodeval i gjennomføring av prosjektet. I kapittel 5 blir resultata presenterte og drøfta innanfor ramma av metodeval og teori. Avslutningsvis følgjer kapittel 6 med oppsummering og konklusjon.


### 3. Teori om kommunikasjon og språkbruk

I det følgjande vert det gjort greie for teori som er brukt for å belyse problemstillinga. Det er lagt vekt på å presentere teori som definerer og forklarar både innhald, kontekst og konsekvensar av kommunikasjon.

#### 3.1 Kommunikasjonsprosessen

Gjøsund og Huseby definerer kommunikasjon som «å overføre informasjon, dele erfaringer og ta verbal eller ikkeverbal kontakt for å skape mening for to eller flere mennesker» (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 64). Verbal kommunikasjon er kommunikasjonen som føregår ved bruk av anten skriftlege eller munnlege ord. Den ikkjeverbale kommunikasjonen føregår gjennom kroppsspråk, i form av blikk, ansiktsuttrykk, gestikulering, kroppsbevegelsar og stemme. I kommunikasjonen stiller alle med ulike oppfatningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Vi har ulike måtar å uttrykke oss på når vi til dømes er glade, sinte eller triste. Dette kan gjere til at bodskap blir misforstått (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 64).

Kommunikasjonsprosessen, slik det er illustrert i Figur 1, består av sendar, mottakar, kanal og eventuell støy. Sendaren formidlar bodskap til mottakaren gjennom kanalar som til dømes tale, sosiale medium, meldingstenester osv. (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 65).



Figur 1: Kommunikasjonsprosessen

God kommunikasjon føreset at sendaren tenker på, og har ei oppfatning om korleis mottakaren tenker og reagerer på bodskapet. Mottakaren tolkar eller mistolkar bodskapet i lys av eigne erfaringar. Mottakaren sine kjensler, forventningar, fordommar og tankar har også stor innverknad på korleis bodskapet blir oppfatta (Gjøsund & Huseby, 2015).

### 3.2 Kommunikasjon er kulturelt betinga

Ein risiko ved kommunikasjon, er at ein kan oppfatte sin eigen måte å kommunisere på som allmenngyldig (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 89). Dette tyder at ein trur at alle forstår måten ein snakkar på. I realiteten er det ikkje slik. Alle individ har gjennomgått ei kommunikasjonssosialisering i kulturen dei tilhøyrer. Kommunikasjon er difor eit kulturelt betinga fenomen.

Når ulike kulturar møtest, kjem ulikskapar i kommunikasjon fram. Det kan føre til at ein misforstår kvarandre. «Med kultur, mener vi det fellesskapet av ideer, verdier og normer som et samfunn, det vil si en gruppe mennesker, har, og som de forsøker å føre videre til neste generasjon» (Gjøsund & Huseby, 2015, s. 89).

Tannen (1990) sin skilnadshypotese legg vekt på at jenter og gutter snakkar ulikt fordi dei tilhøyrer ulike kulturar. Difor kan ein sjå på kjønnsforskjellar som kulturforskjellar. I alderen frå fem til femten år tilbringar gutter og jenter mykje av tida i reine gute- og jentegrupper. Dei utviklar difor ulike måtar å tenkje og kommunisere på. Når jenter og gutter møtest, vil det lett oppstå misforståingar, fordi dei ser verda på ulike måtar (Tannen, 1990).

### 3.3 Negativ språkbruk, kontekst og konsekvensar

Det er mogleg å såre og krenke nokon utan å ha eit bevisst ynskje om det. Når ein nyttar til dømes jøde som skjellsord, er ikkje nødvendigvis intensjonen å spreie negative haldningar om jødar. For den som ytrar desse orda, kan det vere eit uttrykk for kjensler som til dømes sinne eller irritasjon. Likevel kan personar som føler tilhørsle til gruppenevningar som blir nytta som skjellsord, føle seg krenka. Andre kan også oppfatte at det ikkje er bra å tilhøyre ei gruppe menneske som blir omtala i negativ språkbruk. Orda som blir nytta som skjellsord, kan seie noko om kva grupper som blir sett ned på, og kven som kan hamne utanfor fellesskapet (Nilsen, 2014, s. 7).

Når det ikkje vert sett inn tiltak for å førebygge, kan språkbruken eskalere. Deltakarane i utveksling av negativ språkbruk, hissar ofte opp kvarandre. Resultatet kan vere at negativ språkbruk får vekse og etablere seg som ein del av daglegtalen. Det utviklar seg dermed ein aksept for å snakke nedlatande (Nilsen, 2014, s. 12).

Hatretorikk kan definerast som «nedsettende språkbruk, som kan vekke eller forsterke negative følelser, holdninger eller oppfatninger overfor ein gruppe mennesker med utgangspunkt i rase, kjønn, etnisitet, religiøs tilhørighet, funksjonshemmning, seksuell orientering eller annen gruppetilhørighet» (Nilsen, 2014, s. 17). Mange driv med hatprat utan å vite at dei gjer det. Dette har ifylgje Nilsen å

gjere med at ein kan ha meint å gi uttrykk for kjensler, medan effekten er at ein rammar ei gruppe eller eit individ (forskning.no, 2014). Omgrepet hatretorikk, slik det er definert her, vert brukt synonymt med negativ språkbruk i denne oppgåva..

Språkbruk blir påverka av kontekst. Mottakaren må tilpasse seg situasjons- og kulturkonteksten når han skal tolke innhaldet i det som blir sagt, og vurdere kor mykje av konteksten som er relevant. På den eine sida handlar det om intensjonen til den som snakkar. På den andre sida handlar det om effekten på mottakaren. Mottakarar som ikkje kjenner til situasjonen språkbruken føregår i eller kulturen den er ein del av, kan misforstå bodskapet (Nilsen, 2014, s. 45).

Negativ språkbruk kan overtyde nokon om noko dei elles ikkje ville vore overtydde om. Det kan også overtale nokon til å seie noko dei elles ikkje ville sagt. På den måten er språkbruk eit middel til makt, og kan mindregjere, dehumanisere, fornedre og såre ofra. Makta i språkbruken ligg i at den kan krenke ei gruppe eller eit individ sin status og rett til respekt. Språkbruk kan gi därleg sjølvbilete hjå dei som blir ramma. «Gjennom utspekulerte virkemidler rangerer den sine ofre, legitimerer diskriminering av dem og avmektinggjør dem» (Nilsen, 2014, s. 86).

Konsekvensar for dei som blir ramma av negativ språkbruk kan vere skam og oppleving av å vere verdilaus. Er kulturen prega av negativ språkbruk, kan frykta hjå ofra gjere til at ein søker vekk frå situasjonar der språkbruken er verst. Dei som fremjar den negative språkbruken, er gjerne dei med sosial posisjon, som har så stor kraft i utsegna sine at dei blir ståande utan at nokon grip inn (Nilsen, 2014, s. 87).

Radioprogrammet Språkteigen (2018) tok opp problemstillinga om språkbruk blant barn og unge, med fleire forskrarar. Det følgjande er henta frå dette programmet og ein supplerande artikkel på NRK.no (2018).

Sollid er professor i nordisk ved Universitetet i Tromsø og forskar på språkbruken blant barn og unge. Ho meiner at mange unge ikkje er klar over konsekvensane språkbruken kan ha på medelevar, ettersom dei ser på språket som normalt og ikkje farleg. I fylgje Sollid plukkar barn og unge opp ord og uttrykk i sosiale medium og tek dei med seg inn i skulekvardagen. Dette er fordi det er tøffe ord som gjerne utfordrar grenser for kva som er akseptert. Orda kan ofte kome frå kjende personar som barn og unge ser opp til. Vidare plukkar elevane orda opp frå kvarandre og tek dei i bruk, noko som på sikt resulterer i at slike ord får ein sentral plass i språket.

Sollid har gjennom forskinga si også kome fram til at ungar har eit anna språk seg i mellom enn når dei snakkar med vaksne. Barn og unge tek i bruk ord og uttrykk som skapar ein relasjon dei i mellom.

Ungar fortel at dei brukarorda på ein jovial måte utan at dei meiner noko vondt med det, men dei brukar likevel ikkje dei same orda i møte med vaksne eller personar dei ikkje kjenner. Ungane har altså ein bevisstheit om at orda ikkje er greie å seie, men at dei er ein del av deira eigen omgangstone. Sjølv om elevane brukar negativt språk til kvarandre, har dei ikkje nødvendigvis kunnskap om meiningsinnhaldet, viser forskinga til Sollid. Det er ikkje noko nytt at barn prøver ut nye ord og uttrykk, sjølv om dei skjørnar at dei kan vekkje sterke reaksjonar hjå vaksne, meiner Åse Wetås, leiar i Språkrådet.

I det same programmet ynskjer Nilsen, professor ved OsloMet, å få fram at ord og bodskap kan tolkast på ulike måtar ut i frå føresetnader som alder, kulturell bakgrunn, kjønn, osv. Ho nyttar det kjende utrykket «å kalle ein spade for ein spade» som døme. For ein liten unge, er ein spade mest sannsynleg liten og laga av plast, medan den for ein bonde kan vere stor og solid. Difor ynskjer Nilsen å rette fokuset vekk frå intensjonen bak språkbruk og heller fokusere på konsekvensane. Den same tilnærminga har Ravneberg ved Høgskulen på Vestlandet, som også forskar på konsekvensane av språkbruk. Ho meiner at språkbruken ikkje berre handlar om haldningar, men også handlingar. Til dømes kan haldningar til ulike folkegrupper som kjem til uttrykk gjennom språket, utvikle seg over tid og resultere i handlingar.

## 4 Metode og gjennomføring

I dette kapittelet vert det gjort greie for metodeval for prosjektet, med vekt på å få fram fordeler og ulemper ved elementa som inngår i metode for førebuing og gjennomføring av prosjektet.

### 4.1 Kvalitativ metode med fokusgruppeintervju

Problemstillinga legg føringer for metode for datainnsamling. Når ein skal samle inn informasjon som skal talfestast, brukast til å generalisere eller liknande, er kvantitativ metode best egna. I prosjekt der føremålet for eksempel er å kartleggje haldningar eller gå i djupna på ei problemstilling med eit avgrensa tal personar, er kvalitativ metode egna. Kvalitative og kvantitative metodar kan også brukast i kombinasjon (Larsen, 2016).

Eg har valt kvalitativ metode med fokusgruppeintervju, ettersom eg ynskjer å få fram ei gruppe elevar sine tankar og opplevelingar kring negativ språkbruk. Dette er eit metodisk strategisk val.

Wibeck (2011) definerer ei fokusgruppe som at "man samlar en grupp människor som under en begränsad tid får diskutera ett givet ämne med varandra" (Wibeck, 2011, s. 11). Gruppa blir leia av ein moderator som styrer diskusjonen og introduserer nye aspekt, dersom det er nødvendig. Målet med fokusgruppa er at gruppedeltakarane skal diskutere fritt med kvarandre, utan for mykje innblanding frå moderatoren. Ordet fokus indikerer at diskusjonen skal handle om eit emne som er bestemt på førehand.

Wibeck (2011) viser til ulike argument for fokusgruppeintervju. For det fyrste kan det vere ein fordel at elevane er i overtal i forhold til intervjuaren. Det kan følast lettare for elevane å uttrykkje i lag med andre, enn åleine med ein vaksen. Stemmena deira kan bli høyrd på ein meir avslappa måte, enn om dei hadde blitt intervjuat individuelt (Wibeck, 2011, s. 23).

For det andre kan det vere lettare å få elevar til å snakke om noko når dei er samla. Då kan dei utfylle og supplere kvarandre. I tillegg kan det hende at nokon kjem på ting ved at informantane er ueinige, motseier kvarandre, eller at konfliktar kjem fram (Larsen, 2016, s. 84).

Ettersom eg er ute etter subjektive meininger og refleksjonar, vurderer eg fokusgruppeintervju med elevar til å vere den mest hensiktsmessige metoden. Intervju med lærar ville truleg ikkje gitt eit like godt inntrykk av situasjonen.

Det er også ulemper med fokusgruppeintervju. For det fyrste kan intervjuobjektet svare det han trur moderatoren vil høyre. I ein situasjon der elevar snakkar med vaksne, kan det oppfattast frå eleven si

side at det har skjedd noko gale. Eit resultat av dette kan vere at eleven prøver å kome på rett side med den vaksne ved å vege svara sine og tenkje gjennom kva ein deler.

Ei anna ulempe er at nokre elevar kan lukke seg og halde tilbake informasjon når andre hører på. Slike ulemper kan resultere i at informasjon som er viktig for problemstillinga, ikkje kjem fram. Eg har difor iverksett fleire tiltak for å trygge intervjustusasjoner og legge til rette for at informantane bidreg med relevant informasjon. Dette er gjort greie for under.

Intervju kan gjennomførast meir eller mindre strukturert. Eit strukturert kvalitativt intervju har førehandsdefinerte spørsmål med tydeleg og fast rekjkjefølgje. I eit ustrukturert intervju formulerer informanten sine eigne svar. Det vert ofte nytta ein intervjuguide som inneheld, tema, stikkord og eventuelle spørsmål som rettleiing for intervjuet. Målet er at informantane skal prate mest mogleg fritt, med lite involvering frå intervjuaren. Oppgåva til intervjuaren blir då å halde samtalens til tema ved å stille oppfølgingsspørsmål.

Eg har valt å bruke ustrukturert intervju med intervjuguide, som metode i prosjektet. Intervjuguiden skal sikre at samtalens tett knytt til problemstillinga. Metoden gir også moglegheit til å gå i djupna og stille oppfølgingsspørsmål, og på denne måten få fram nødvendig informasjon som grunnlag for drøftinga. Korrekjonar undervegs i intervjuet kan bidra til at moment ein ikkje tenkte på før gjennomføringa, likevel blir diskuterte og sett lys på (Larsen, 2016, s. 26). Dette gir utfyllande informasjon og bidreg til eit rikare datamateriale.

#### 4.2 Validitet og reliabilitet

Validitet er knytt til relevans eller gyldigheit, altså at data som vert samla inn, er relevante for problemstillinga (Larsen, 2016, s. 80). Intervjuguiden og oppfølgingsspørsmål undervegs i intervjuet, er utforma slik at innsamla informasjon skal vere egna til å svare på problemstillinga. Spørsmåla er knytte både til ordbruk, årsaker til og konsekvensar av negativ språkbruk. I tillegg er det fokus på i kva situasjonar og arenaer negativ språkbruk finn stad og kva erfaringar elevane sjølv har. På denne måten har eg teke omsyn til kravet om validitet.

«Reliabilitet viser til nøyaktighet eller pålitelighet, altså at undersøkelsen vår er pålitelig og at nøyaktighet har ligget til grunn i prosessen» (Larsen, 2016, s. 80). Larsen (2016) held fram at høg reliabilitet kan vere ei utfordring i kvalitative undersøkingar. Mellom anna kan ein situasjon med berre ein intervjuar, gi utfordringar med reliabilitet. Ettersom eg både har samla inn og bearbeidd data aleine, er det viktig å vere merksam på dette.

Eit anna moment er at informanten kan la seg påverke, både av intervjustituasjonen og intervjuaren. For å trygge intervjustituasjonen og legge til rette for at relevant informasjon kjem fram, sette eg i verk fleire tiltak. God informasjon om prosjektet, innleiande aktivitet for å trygge informantane, romlege faktorar og tidspunkt for gjennomføring, skal bidra til at undersøkinga gir pålitelege data.

Larsen (2016) påpeikar elles at reliabilitet også handlar om at informasjonen vert behandla på ein nøyaktig måte. Ved å nytte lydopptak i intervjuet, legg eg til rette for nøyaktigkeit i behandling av data. I tillegg har eg gjort notatar undervegs, mellom anna av dei ulike nyansane i stemmene deira. På førehand har eg gitt informantane ”dekknamn” for å ivareta krav om anonymitet.

#### 4.3 Førebuing og gjennomføring av fokusgruppeintervju

Utveljing av einingar er i hovudsak gjort ved sjølvseleksjon, men har også trekk av skjønnsmessig utveljing (Larsen, 2016, s. 77). Alle elevane i ei bestemt klasse fekk moglegheit til å vere med i undersøkinga. I forkant av fokusgruppeintervjuet vart det sendt ei samtykkjeerklæring til alle foreldra via kontaktlærar. Samtykkjeerklæringa informerte kort om prosjektet og ga foreldra moglegheita til å reservere sine barn frå å delta (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2009). Kontaktlæraren informerte elevane om korleis prosjektet skulle gjennomførast og ga tilbakemelding om stor interesse i elevgruppa. Utvalet er sett saman for å få fram variasjon i synspunkt og erfaringar.

Utvalet vart gjort same dagen som intervjuet skulle gjennomførast. Utvalet famna om tre jenter og to gutter. To av elevane i utvalet, ei jente (Elev1) og ein gut (Elev2), er lite påverka av språkbruken. Desse er med for å teikne eit bilet av korleis situasjonen kan sjå ut utanfrå, for dei som ikkje er innblanda. Ein av gutane (Elev3) er kjapp i kommentarane og tenkjer ikkje alltid gjennom kva han seier. Han har ei leiarrolle i klassemiljøet. Det er interessant å få innblikk i korleis han tenkjer kring det at kommentarar kan såre, sjølv om dei ikkje er meint å gjere det. To av jentene (Elev4 og Elev5) har over tid blitt utsette for negativ språkbruk som dei har reagert sterkt på. Dette gjorde til at tiltak vart sett inn for å betre situasjonen. Eg tok med desse to for å få med personar som sjølv har vore utsette for negativ språkbruk.

Eg legg til rette for ein open og fri samtale ved å starte med uformell prat og ein aktivitet for å mjuke opp relasjonen. Dette skal gjere intervjustituasjonen mindre farleg (Wibeck, 2011, s. 23). Eg valde å spele kort saman med elevane, sidan eg då i tillegg fekk observere kommunikasjonen mellom dei.

Når uformell prat og kortspel var ferdig, var det etablert eit grunnlag for fruktbar kommunikasjon i gruppa. Eg forklarte for elevane kva prosjektet går ut på og kva retningslinjer som gjeld for

samhandling i fokusgruppa (Halkier, 2010, s. 60). Dette er viktig for å skape tryggleik og unngå misforståingar og usikkerheit.

Tidspunktet for fokusgruppeintervjuet kan også påverke deltarane. Blir intervjuet gjennomført seint på dagen, kan deltarane vere slitne. Eg valde å gjennomføre intervjuet etter lunsj, ettersom elevane då har vore i aktivitet og kan vere meir opne og opplagde for samtale. I tillegg kan elevane ha opplevd språkbruk i friminuttet og dermed møte fokusgruppa med ferske opplevingar kring tema som skal diskuterast.

For at deltarane skal ha moglegheit til å ytre seg på best mogleg måte og føle seg komfortable i intervju-situasjonen, må moderator tenkje gjennom dei romlege faktorane på førehand. For det fyrste vert fokusgruppeintervjuet gjennomført på ein arena deltarane kjenner godt til, deira eigen skule. Blir intervjuet gjennomført på ein arena der moderatoren er på heimebane, kan det påverke deltarane negativt, ved at dei føler at moderatoren har eit overtag (Wibeck, 2011, s. 33).

Rommet eg har valt å gjennomføre fokusgruppeintervjuet i, er lite og oversiktleg, med få blikkfang som bilete og vindauge som kan forstyrre kommunikasjonen. Plassering i rommet kan påverke oppfatning av status, grad av deltaking, interaksjonsmønster og leiarkjensle. Dersom medlemmer i gruppa sit ovanfor kvarandre, kan det vere fare for at ikkje alle i gruppa blir inkluderte eller får til å delta. Intervjuet er difor gjennomført ved eit rundt bord som er såpass stort at deltarane ikkje sit trøngt og ukomfortabelt. Viss dei sit for tett, kan privatsfæren bli utfordra. Elevane kan då stenge kjenslene inne og delta i mindre grad enn ein elles ville gjort. Bordvalet gjer også til at moderator i større grad vert ein del av gruppa, i staden for å sitte i ein posisjon der deltarane kan sjå moderator som overordna (Wibeck, 2011, s. 33). På denne måten vil eg legge til rette for at kommunikasjonen primært føregår mellom deltarane.

Intervjuet er dokumentert ved å bruke lydopptak. Då får samtalen den flyten som er nødvendig, og moderatoren kan konsentrere seg om samtalen. Samtidig er det viktig at moderatoren er ein god observatør, og tolkar ikkje verbal kommunikasjon som kroppsspråk og stemmenyansar for å få ei heilskapleg forståing (Larsen, 2016, s. 84).

Som moderator er eg open for tema og problemstillingar som kjem fram i intervjuet. Det krev at ein er konsentrert og merksam på kva dei ulike samtalepartane seier. Lassen og Breilid (2010) viser til Daniel Stern sin teori kring «moments of meeting». Dette er augeblikk i ein samtale som fører til vekst og auka kjennskap til seg sjølv. Føresetnader for å oppnå dette i eit fokusgruppeintervju, er at moderatoren lyttar og er til stades i samtalen med anerkjennande verbale og ikkjeverbale responsar.

Dei to hovudoppgåvene moderatoren har i intervjuet, er å få deltagarane til å snakke saman og handtere den sosiale dynamikken mellom dei (Halkier, 2010, s. 59). Det vil seie at ein fyrst og fremst skal lytte, og i tillegg vere merksam på maktbalansen i gruppa. Dersom nokre personar snakkar heile tida, medan andre trekker seg tilbake og er stille, kan ei løysing vere å vende seg direkte til dei tilbaketrekte informantane (Wibeck, 2011, s. 32). Det var noko ujamn deltaking i diskusjonen. Tre av elevane var svært aktive, medan dei to andre var meir tilbaketrekte. Dette var dei to elevane som ikkje var særleg berørte. For å få med synspunkt og erfaringar frå alle, vende eg meg spesielt til desse to.

Eg avslutta intervjuet med å takke og rose elevane, bekrefte at dei gjorde ein god innsats og gav ei tilbakemelding der eg la vekt på å styrke sjølvbiletet deira.

Lydopptak av intervju har status som ikkje-anonyme opplysingar. Difor vart prosjektet meldt til NSD for godkjenning. Intervjuet blei i etterkant transkribert og ikkje-anonyme opplysingar som namn på elevane blei endra i transkripsjonen. Etter at transkriberingen var gjennomført, vart lydopptaket sletta etter NSD sine retningslinjer.

## 5. Resultat og drøfting

Dette kapittelet er todelt. I kapittel 5.1 presenterer eg resultata frå prosjektet, med hovudvekt på utdrag frå det transkriberte intervjuet. I kapittel 5.2 drøftar eg resultata i lys av teori, for å svare på problemstillinga.

### 5.1 Presentasjon av resultata

I det følgjande vil eg presentere resultatet frå fokusgruppeintervjuet. Relevante element frå intervjuet er refererte utan ytterlegare tolking eller drøfting frå mi side. Resultata er gjort greie for gjennom å sitere informantane, og kort kommentere korleis stemninga og det ikkjeverbale verka inn på samtaLEN.

I starten diskuterte fokusgruppa kva forhold dei har til samtale om vanskelege tema i grupper. Elev4 braut inn med at ho trudde ho hadde gjort noko gale ettersom ho vart kalla inn til samtaLEN. Det kom vidare fram ulike meininger om bruk av gruppесamtale kring vanskelege tema, der Elev3 meinte det er trygt å ikkje vere åleine med vaksen, Elev2 ville helst ha vore åleine, medan Elev4 likar å halde ting for seg sjølv.

Eg opplevde gruppedydnamikken som god, sjølv om graden av deltaking varierte. Tre av elevane var svært aktive. Det var desse tre som hadde mest erfaring, både med å bruke og bli utsett for negativt språk. Dei to som var meir tilbaketrekte, hadde lite erfaring med negativ språkbruk. Eg hadde merksemd også retta mot desse i intervjustituasjonen, men det meste av informasjonen bygger på erfaringar og synspunkt frå dei elevane som er mest berørte.

#### 5.1.1 Døme på negativ språkbruk

Eg bad om at elevane skulle kome med døme på kva som pregar språkbruken. Det kan verke som om elevane er reserverte mot å nytte orda i same rom som ein vaksen.

*Moderator – «Kva er det de seier til kvarandre sånn heilt konkret?»*

Det vart stille, og elevane såg anten på kvarandre eller ned i bordet. Elev3 smilte lurt.

*Moderator – «Som sagt, eg kjem ikkje til å seie dette vidare til nokon.»*

*Elev4 – «Det eg har fått er ganske stygge ting då.»*

*Elev3 – «Sånn som «fuck you, sug deg.»»*

*Elev4* – «Nei, men det er sånn at eg liksom er kjempestyg og ei fittehora og verdens tjukkaste person og alt sånn der liksom.»

### 5.1.2 Kvar skjer den negative språkbruken?

I fokusgrupeintervjuet samtala vi om ulike arenaer der negativ språkbruk finn stad. Hovudvekta er lagt på friminutta og klasserommet.

#### *Friminutta*

Elevane er samde om at språkbruken er verst på fotballbana og i konkurransar. Stemninga er lattermild i starten, og alle har retta blikket mot *Elev3*. *Elev3* ler.

*Moderator* – «Vi har jo snakka litt om dette før. Kvar er det de føler at språkbruken er verst på skulen?»

*Alle elevane, delvis i kor* – «Bana, bana, bana, bana, bana.»

*Elev3* – (Ler).

*Moderator* – «Alle er einige i det?»

*Alle i kor* – «Ja!»

*Elev4* – «Eller sånn generelt fotball og idrett på skulen. Det blir ofte problem når det er konkurranse.»

Eg bad elevane kome med konkrete eksempel på korleis språkbruken er i friminutta.

*Elev4* – «Viss keeper slepp inn mål seier ein kanskje «Faen, kvifor gjorde du det?» Så er ein ikkje betre sjølv i neste situasjon, og får ein kommentar tilbake.»

Dette bekrefta *Elev3*. *Elev3* og *Elev4* er dei som har det nærmeste forholdet til fotball.

#### *Klasserommet*

Etter å ha snakka ein del om korleis språkbruken er i friminutta, ville eg vite korleis det er i klasserommet.

*Moderator* – «Korleis er det i klasserommet, med tanke på språkbruk?»

*Elev4* – «Gruppearbeid.»

*Elev5* – «Gruppearbeid.»

*Moderator* – «Kva meinar de med gruppearbeid?»

*Elev5* – «Det blir liksom litt sånn at, slik som du har sagt, at me ikkje skal sei nei når me kjem på gruppe med nokon.»

*Elev3* – «Dumme kommentarar.»

*Elev5* – «Ja.»

*Elev3* – «Slik som «aaah, nei må eg vere på gruppa med han?»»

*Moderator* – «Kvífor er det dumt?»

*Elev3* – «Kanskje han andre ville vere på gruppe med han som sa det, så tenkjer han «åj, kanskje eg ikkje passar inn?» eller noko slikt.»

*Moderator* – «Og kva trur de det gjer med prestasjonen til den som får ein slik kommentar?»

*Elev3* – «Blir sikkert lei seg.»

*Elev4* – «Usikker på seg sjølv. Det veit eg masse om.»

*Elev3* – «Det veit du masse om ja.» (Kviskrar til *Elev4*).

*Elev5* – «Du har lyst til å vere med den og ikkje med den.»

*Moderator* – «Vil du fortelje litt, *Elev4*?»

*Elev4* – «Ehh, eg veit liksom ikkje heilt kva eg skal fortelje då. Eg har ikkje så god sjølvtillit for å seie det slik, etter at eg har fått mange stygge kommentarar.»

Elevane kom også inn på skilnaden mellom jenter og gutter.

*Elev3* - «Men vår klasse, vi har ein god samtale ilag, slik som i parallelklassen, der er det slik at jenter og gutter IKKJE kan vere i lag på gruppearbeid, det er krise for dei.»

*Elev4* – «Ja, for det verkar nesten slik at alle gutane i den andre klassen har noko i mot jenter, dei har liksom ikkje så godt samfunn, dei er liksom litt meir sånn at gutane skal vere

kule då og ikkje skal vere med jenter og slik, mens i vårt klasserom så har me eigentleg eit ganske godt samfunn fordi der bryr me oss liksom ikkje om me er gutar eller jenter når me er med kvarandre og pratar med kvarandre og slik.»

*Elev1* – «I den andre klassen er det nesten som å blande olje og vatn, det går liksom ikkje.»

*Moderator* – «Veldig skilt med gutar og jenter. Kvifor er det slik trur de?»

*Elev4* – «Sikkert fordi dei trur dei er veldig kule. Og det er ikkje kult å vere med jenter, fordi det er gale for dei.»

*Elev5* – «Det er flaukt for dei å vere med jenter.»

*Elev3* – «Folk trur at dei er kjærastar og slik viss dei pratar i lag.»

### 5.1.3 Intensjon og bakgrunn

Eg gjekk nærmere inn på kvifor elevane brukar negativt språk til kvarandre. Vi snakka meir om kva som skjer på fotballbana. Eg spurde om kvifor keeperen får negative kommentarar når han slepp inn mål. Elevane er samde om at det ikkje er god kommunikasjon for å oppmunstre keeperen til å gjere det betre neste gong. Dei trakk fram konkurranseinstinktet som pregar klassemiljøet og meiner at det er bakgrunnen for at språkkulturen er som den er. Elev3 deltek ivrig i samtalene då vi snakkar om fotball.

*Moderator* – «Viss det blir sagt ting til andre, er det då for å angripe den personen eller føler det at det er berre noko som skjer?»

*Elev3* – «Ja, eg trur det berre er instinktet ditt.»

*Elev4* – «Eg trur eigentleg at det er slik at ein ikkje meiner det, men plutsleig så berre seier du det fordi du blir irritert.»

*Elev5* – «Eg trur det berre er med i spelet..»

*Elev2* – «Ein har ikkje kontroll.»

*Elev3* – «Fotballen tek over deg liksom.»

*Elev5* – «Du er i fotballverden, i VM.»

*Elev3* – «Det er slik me spelar fotball her på skulen!»

*Elev4 – (Ler) «Ja, bokstaveleg talt.»*

*Elev3 – «Det er liksom sånn at når ein taklar ein annan, så ligg du ille an neste gang de møtest i kamp.»*

Samtalen handla ei god stund om hendingar på fotballbana som gjorde inntrykk på elevane. Etter kvart styrte eg samtalen i retning av kvifor nokre vel å nytte negativ språkbruk.

*Moderator – «Kvífor er dei som er stygge i kjeften, stygge i kjeften?»*

*Elev5 – «Dei er sjalu.»*

*Elev2 – «Sure.»*

*Elev5 – «Irriterte.»*

#### 5.1.4 Kvar kjem den negative språkbruken frå?

Vi snakka også om kvar orda kjem frå.

*Moderator – «Stygge ord, kor kjem dei frå?»*

*Elev3 – «Youtube.»*

*Elev5 – «Internett.»*

*Elev1 – «Sosiale media, eigentleg alt.»*

*Elev4 – «Kanskje litt frå fotballspelarar og.»*

*Elev3 – «Det er kanskje difor me er så stygge i kjeften på bana, fordi me ser noko på fotballen, så høyrer me kommentarar, så ser me at folk gir kommentarar, så går han bort og klikkar på han og sånn.»*

Elev4 fortel kva ho meiner er det største problemet når det gjeld negativ språkbruk blant jentene, nemleg sosiale medium. Tidelegare har det vore gjennomført «girltalks», der omgangen jentene i mellom har vore tema. Det var møte mellom jentene og kontaktlærar, der målet var å skape felles reglar for oppførsel på sosiale medium.

*Elev4 – «Men eg trur grunnen til at det var mest konfliktar på snapchat blant jentene spesielt då, er fordi me liksom tør ikkje å prata med kvarandre om det face to face liksom. Det er*

mykje enklare å sitte bak ein skjerm og gøyme seg og skrive, i staden for å stå face to face og skrive, nei å sei det liksom.»

### 5.1.5 Konsekvensar

Eit viktig element i problemstillinga er konsekvensar av negativ språkbruk. Fleire av elevane forklarte korleis dei negative kommentarane gir därleg sjølvbilete, lite sjølvtillit og gjere til at ein trekker seg tilbake og ikkje ynskjer å delta i aktivitetar ein elles trivst med.

*Moderator – «Har de nokre konkrete eksempel på korleis språkbruken påverkar dykk?»*

*Elev3 – «Eg har vore på bana og berre stått utanfor og sett på eigentleg, fordi eg veit at det kjem til å bli kommentarar og slikt, og så giddar eg liksom ikkje å blande meg inn, så kjem dei bort og seier at dei treng meg og slikt, så blir eg med då, og så begynner det med ein gong. Først er dei positive, så er det negativt.»*

*Moderator – «Ja, og då får ikkje du lyst til å vere med?»*

*Elev3 – «Nei, du sit i klasserommet og gler deg til du skal ut, så kjem du ut på bana, og så begynner me, så kanskje etter første minutt så er det krig om at det burde vere det og det.»*

Elev3, Elev4 og Elev5 opna seg om korleis dei vart påverka av språkbruken. Stemninga vart veldig alvorleg og dei nemnde elevane viste tydelege teikn på at språkbruken har gjort inntrykk på dei. Elev3 viser også tydelege teikn på at situasjonen kring Elev4 pregar han. Det verka som om han ikkje har skjønt alvoret før, men hadde etter kvart gode refleksjonar kring konsekvensane av språkbruk. Mot slutten av dette tema heldt Elev4 og Elev5 hender og gret.

*Elev3 – «Folk meiner at du må vere perfekt i størrelse og sånt, at du passar ikkje inn viss du er sånn og sånn.»*

*Elev5 – «Eg har ikkje fått dei kommentarane, men eg seier dei kommentarane til meg sjølv.»*

*Moderator – «Kva gjer det med deg?»*

*Elev3 – «Åj.»*

*Elev5 – «Det gjer at eg ikkje vil ha bading og gym og sånt.»*

*Elev3 – «Du blir ikkje sikker på deg sjølv liksom.»*

*Moderator* – «Nei. Men er dei berre inne, du høyrer ikkje dei utanfrå?»

*Elev5* – «Nei.» (Tårene renn).

*Elev4* – «På grunn av at kommentarane har eg veldig dårleg sjølvtillit liksom, det er derfor eg er veldig usikker på meg sjølv, det er derfor, og eg tør jo, eg tør eigentleg ikkje å snakke med nokon om det. Eg har eigentleg vore berre skikkeleg lei meg i det siste på grunn av at eg har fått sånn kommentarar, og så føler eg liksom at eg ikkje passar inn og berre ja.»

*Moderator* – «Du begynner på ein måte å stenge deg litt ute?»

*Elev4* – «Ja, eigentleg. Eg vil berre eigentleg forsvinna, sånn eigentleg.»

*Moderator* – «Det er heilt sikkert ikkje noko god tanke å føle på.»

*Elev4* – «Nei.»

*Elev5* – «Eg og pleier å ha dei, og så pleier eg å, så føler eg at eg får såinne stygge blikk og sånt, spesielt frå gutar og sånt. Ikkje av dei eg kjenner godt då liksom, men ja.»

*Elev3* – «For me kan ikkje gjere noko med korleis du ser ut. Det er sånn du er og sånn er du.»

*Elev4* – «Men dei stygge kommentarane eg har fått, dei har faktisk vore så gale at eg har endt opp med å kutte meg sjølv.»

*Moderator* – «Har du lyst til å snakke om det her eller vil du ikkje snakke om det?»

*Elev4* – «Ikkje sånn eigentleg.»

*Moderator* – «Nei, det skjønar eg veldig godt, Elev4. Eg syns du er veldig, veldig tøff, det syns eg.»

### 5.1.6 Oppfølging etter intervjuet

Etter intervjuet kontakta eg kontaktlæraren til elevane som hadde delteke. Dette var for å informere om forholdet som kom fram kring ein av elevane. Dette er også vidare behandla under.

### 5.2 Drøfting av resultata

I det følgjande vil eg drøfte problemstillinga for oppgåva, ved hjelp av materialet eg samla inn gjennom fokusgruppeintervjuet, i lys av den teoretiske ramma eg har gjort greie for i kapittel 3.

### 5.2.1 Negativ språkbruk – kontekst, bakgrunn og intensjon

Forutan orda og uttrykka i seg sjølv, er negativ språkbruk kjenneteikna både av kontekst, intensjon og konsekvensar. Nilsen (2014) seier at hatretorikk er all negativ språkbruk som rammar mottakaren på ein uheldig måte. Ho held fram at mange utøver hatprat utan å vite at dei gjer det. Gjøsund & Huseby (2015) påpeikar at god kommunikasjon føreset at sendaren tenker på, og har ei oppfatning om korleis mottakaren tenker og reagerer på bodskapet. Intensjon og ordval aleine, er dermed ikkje tilstrekkeleg for å sikre god kommunikasjon.

Gjennom fokusgruppeintervjuet har eg funne ei rekke døme på negativt språk. Eg fekk ei oppfatning av at elevane ikkje nødvendigvis har som intensjon å ramme mottakaren, men alvoret i enkelte utsegner var likevel slik at ein ikkje kan sjå vekk frå at nettopp det var føremålet. Uavhengig av bakgrunn og intensjon, kan enkelte ytringar som kom fram i fokusgruppeintervjuet, karakteriserast som hatretorikk, ved at dei var både fornedorande og sårande. Eksempel på dette er dei alvorlege karakteristikkane ein av elevane hadde vore utsett for.

Eit anna døme på negativ språkbruk, som kan synast mindre alvorleg, men som likevel påverkar den som vert ramma, er når ein av elevane fortel at han får negative kommentarar på fotballbana. Sjølv om denne eleven har ein leiarposisjon i miljøet, får han kommentarar som gjer at han trekker seg unna aktiviteten. Også Nilsen (2014) omtalar dette fenomenet ved å peike på at ein kultur prega av negativt språk, kan skape frykt hjå ofra og medføre at dei søker vekk frå situasjonar der språkbruken er verdst.

Negativ språkbruk oppstår på ulike arenaer. Informantane trekker fram språkbruken på fotballbana som den verste. Konteksten er konkurranseprega, noko som tydeleg også påverkar språket. Det kjem fram gjennom intervjuet at det er sendaren sine kjensler som til dømes frustrasjon, som er bakgrunnen for ytringa, meir enn bevisstheit om mottakaren sine tankar og reaksjonar.

Gjøsund og Huseby (2015) slår fast at kommunikasjon er eit kulturelt betinga fenomen. Elevgruppa kan i nokre kontekstar ha tilnærma lik språkkultur, medan dei i andre kontekstar tilhører ulike kulturar. I fokusgruppeintervjuet kom det fram at klassemiljøet bar til dels preg av tydelege skilnader mellom jenter og gutter. Dette er også vesentleg i Tannen (1990) sin skilnadshypotese, som mellom anna går ut på at kjønnsskilnader må sjåast som kulturskilnader. Samarbeid mellom jenter og gutter, for eksempel i gruppearbeid, vart i fokusgruppeintervjuet omtala som å «blande olje og vatn». Også fotballkulturen blant gutane og bruk av sosiale medium blant jentene, er knytt til ulike kulturelle kontekstar.

Viss jenter og gutter snakkar i lag, risikerer dei å bli utsett for negativ språkbruk. Informantane gav uttrykk for at dei er redde for kommentarar om at dei er kjærastar eller liknande. Fokusgruppa var samde om at dette problemet var størst i parallelklassen. Tannen (1990) påpeikar også at det lett kan oppstå misforståingar når gutter og jenter over tid har utvikla forskjellige måtar å tenkje og kommunisere på.

Elevane er også bevisste på konteksten negativ språkbruk blir nytta i. Dette gir dei uttrykk for ved at dei er reserverte ovanfor meg når eg ynskjer å vite kva ord og uttrykk som blir nytta. Dei er ikkje nødvendigvis klar over konsekvensane, men har likevel ei oppfatning av at orda ikkje er greie å seie, og nyttar dei difor sjeldan når det er vaksne til stades. Tilsvarande observasjonar kjem også fram Sollid (2018) sine forskingsresultat.

I informantgruppa kjem det fram at språkbruken i stor grad har utspring frå Internett, særleg sosiale medium. Informantane dreg også fram komiske filmar frå Youtube som ei kjelde til ord og uttrykk. Konteksten orda blir henta frå, er altså ikkje nødvendigvis negativ. Som leiaren i Språkrådet har uttala (Språkteigen, 2018), handlar negativ språkbruk også om testing av kvar grensene går for reaksjonar frå vaksne.

Nilsen (2014) meiner at resultatet av negativ språkbruk kan vere at det utviklar seg ein aksept for å snakke nedlatande til kvarandre og om andre, og at det blir innlemma i daglegtalen. I fokusgruppeintervjuet blir dette temaet drøfta. Elevane er samde om at negativ språkbruk er ein del av daglegtalen deira.

Fotballkulturen blir spesielt belyst i fokusgruppeintervjuet, og språket der er prega av konkurransekontekst og spontanitet, heller enn ynskje om å såre og fornindre. Det kan verke som om det har utvikla seg ein slags aksept for å snakke nedlatande til kvarandre og om kvarandre. Det viser seg likevel at enkeltelevar vert hardt ramma.

## 5.2.2 Negativ språkbruk har konsekvensar

Nilsen og Ravneberg (Språkteigen, 2018) tek til orde for å rette fokuset vekk frå intensjonen bak negativ språkbruk og heller fokusere på konsekvensane. Ravneberg påpeikar i tillegg at språkbruken ikkje berre handlar om haldningar, men også handlingar.

Informasjonen som vert gitt i fokusgruppeintervjuet peikar i same retning. Negativ språkbruk har ulike konsekvensar for ulike elevar. Det kjem fram at kommentarar som går på utsjånaden til jentene, gir dei dårleg sjølvbilete og mellom anna minkar motivasjon for deltaking i kroppsøving.

Kroppsøving er eit fag der eleven sine handlingar blir veldig synlege, ettersom kroppen er i fokus. Kroppsøvingsfaget er unikt i den grad at «Hver og en skal delta med sin kropp, være i aktivitet ute og inne, oppleve seg selv i bevegelse, skape og erfare sammen med andre, lære hverandre og seg selv å kjenne, og sette pris på å være i bevegelse. Ulike kropper har forskjellige muligheter og begrensinger med hensyn til å uttrykke seg, prestere ferdigheter, finne mening i bevegelse» (Borgen, 2014). Negativ språkbruk som resulterer i at elevar ikkje føler seg komfortable i eigen kropp, kan dermed ha som konsekvens at elevar vegrar seg frå deltaking i faget.

Når ein av elevane nemner at han ikkje ynskjer å spele fotball i friminutta grunna negativ språkbruk, er det ein konsekvens som påverkar trivselen hans i skulekvardagen. Han er elles veldig aktiv og likar å delta. Slike konsekvensar er også omtala av Nilsen (2014), som held fram at språket kan overtyde nokon om å gjere noko dei elles ikkje ville gjort. Også i dette tilfellet er negativ språkbruk eit hinder for å delta i aktivitet.

I fokusgruppeintervjuet kom det fram ulike typar konsekvensar av negativ språkbruk. Enkelte konsekvensar må seiast å vere svært alvorlege. Tankar om at ein ikkje er bra nok får utvikle seg og eskalere. Ein av elevane fortel om at ho har opplevd språkbruk, mellom anna i sosiale medium, som så krenkande at det har ført til at ho har skada seg sjølv og «vil berre forsvinna».

Denne utsegna gjorde til at eg i ettertid såg det som mi plikt å melde frå til kontaktlærar, sjølv om det var presisert i introduksjonen til samtalen at eg har teieplikt. I rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet (2017, s. 5) står det at: «Alle som arbeider på skolen har plikt til å følge med, gripe inn og varsle hvis de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø». Dette kjem også fram i Opplæringslova (2009, § 9 A-4): «Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg»

Eit viktig aspekt ved fokusgruppeintervjuet, er modning og auka bevisstheit kring temaa for samtalen. Dette er også referert til som «moments of meeting». Det verka som om elevane bana veg for kvarandre gjennom intervjuet. Elevane opna seg og synte stor vilje til å dele informasjon. Dette er også omtala i Larsen (2016) og var eit viktig moment bak val av metode for datainnsamling.

I tillegg verka det som om at elevane etter kvart fekk ei større forståing for kor alvorlege konsekvensar negativ språkbruk kan ha for den som vert ramma. Den av elevane som i utgangspunktet vart mest aktiv i kommentarane, til dømes på fotballbana, var også ein av dei som i intervjuet uttrykte støtte til eleven som hadde opplevd dei alvorlegaste konsekvensane. Dette er

vikting informasjon også når ein skal tenke tiltak mot negativ språkbruk. Konsekvensar av språkbruk kan seiast å vere minst like viktig som intensjon.

## 6. Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg forsøkt å forstå og forklare ulike sider ved negativ språkbruk i skulen.

Språkbruk kan forklarast eller kjenneteiknast mellom anna ut frå ordval, bakgrunn og intensjon, og konsekvens. Dette er ikkje gjensidig utelukkande perspektiv. Konteksten både sendar og mottakar står i, påverkar opplevinga av negativ språkbruk. Denne tilnærminga opplever eg som godt egna for å forstå og forklare språkbruken eg har fått informasjon om, gjennom fokusgruppeintervjuet.

I intervjuet kom det fram at negativ språkbruk ofte oppstår spontant, som eit uttrykk for kjensler i ein gitt situasjon. I ein konkurranseprega kontekst, til dømes på fotballbana, kan ein få inntrykk av at negativ språkbruk til ein viss grad har aksept. Dømet med at «Viss keeper slepp inn mål seier ein kanskje «Faen, kvifor gjorde du det?» Så er ein ikkje betre sjølv i neste situasjon, og får ein kommentar tilbake.», viser også at elevane som i ein situasjon er sendar, i neste situasjon kan vere mottakar.

Sjølv om elevane er opptekne av at bakgrunn og intensjon ikkje peikar i retning av at ein ønskjer å såre, fortel dei likevel at denne typen negativ kommunikasjon rammar dei. Dette indikerer at bakgrunn og intensjon aleine ikkje er tilstrekkeleg til å definere negativ språkbruk, men at konsekvens er eit like viktig perspektiv.

I teorikapittelet har eg gjort greie for at både Nilsen og Ravneberg (Språkteigen, 2018) er opptekne av å vektlegge konsekvensar av språkbruk meir enn intensjon. Omgrepet hatretorikk forklarar dette på ein god måte. I fokusgruppeintervjuet kom det fram at særleg ein av elevane hadde vore utsett for grov språkbruk med alvorlege konsekvensar. Sjølvskading inngjekk i dette. Elevane reagerte med sterke kjensler på at denne eleven hadde så vonde opplevingar. Dette kan indikere at samtale om konsekvensar, gir auka bevisstheit om negativ språkbruk blant elevane. Negativ språkbruk ser ut til å ramme, uavhengig av om dette er intensjonen.

Metodevalet for denne oppgåva opnar ikkje for å generalisere eller vurdere i kva omfang negativ språkbruk skjer. Siktemålet har heller vore å forstå og forklare kjenneteikn på, og konsekvensar av, negativ språkbruk.

Det går fram av metodekapittelet at det kan vere utfordringar med reliabilitet i denne type kvalitative undersøkingar. Dette er særleg knytt til at eg aleine har samla inn og bearbeidd datagrunnlaget. Eg har difor vore oppteken av å dokumentere og behandle data på ein grundig og systematisk måte. Eg har også gjort fleire andre tiltak for å legge til rette for at elevane skal komme fram med erfaringane og synspunkta sine på ein god og trygg måte.

Validiteten i undersøkinga har eg forsøkt å ivareta ved å la elevane bidra med subjektive erfaringar og vurderingar som er relevante for problemstillinga. Den teoretiske tilnærminga med å forstå negativ språkbruk som ein del av ein kommunikasjonsprosess som er prega både av sendar, mottakar og kontekst, bidreg også til å kaste lys over problemstillinga og gi ei ramme for å forstå og drøfte resultata frå undersøkinga.

Tittelen «Fittehore! Hatretorikk eller daglegtale?» er formulert som eit spørsmål der svaret nærmast gir seg sjølv. Eg har valt denne tittelen for å spissformulere problemstillinga og samstundes få fram at det kan vere glidande overgangar mellom hatretorikk og daglegtale. Negativ språkbruk som vert innlemma i daglegtalen, kan få store konsekvensar for den som vert ramma.

## 7. Litteratur

Borgen, Jorunn Spord. (2014, 15. oktober). Skandaløst om kroppsøvingsfaget [Blogg post]. Henta frå: <https://www.nih.no/om-nih/aktuelt/nih-bloggen/borgen-jorunn-spord/skandalost-om-kroppsovingsfaget>

Forskningsrådet (2017). Henta frå:

<https://www.forskningsradet.no/no/Utlysning/SAMKUL/1254024975983?visAktive=false>

forskning.no (2014) Må lære oss å motsi hatprat. Henta frå: <https://forskning.no/sprak-samfunn-informasjonsteknologi/2014/11/storre-bevissthet-om-hatprat>

Gjøsund, Peik & Huseby, Roar (2015). *To eller fleire*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Halkier, Bente (2010). *Fokusgrupper*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Larsen, Ann Kristin (2007). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget

Lassen, Liv & Breilid, Nils (2010). *Den gode elevsamtalen*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Nilsen, Anna Birgitte (2014). *Hatretorikk*. Oslo: Cappelen Damm

Opplæringslova (2009). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa LOV-2017-06-16-63.

Henta frå: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_11)

Språkteigen (NRK Radio). (2018). *Språkbruk blant barn og unge*. Henta frå:

<https://radio.nrk.no/serie/spraakteigen/DMTS12001418/08-04-2018?t=1m12s>

Strøm (2018, 8. april). Spøkene deres kan være farlige. *Norsk riksringkasting*. Henta frå:

<https://www.nrk.no/troms/xl/spokene-deres-kan-vaere-farlige-1.13980351>

Tannen, Deborah (1990). *You just don't understand*. New York: Ballantine Books. Henta frå:

<http://www.frankjones.org/sitebuildercontent/sitebuilderfiles/tannen.pdf>

Utdanningsdirektoratet (2017). *Skolemiljø* (Udir-3-2017). Henta frå: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/skolemiljø-udir-3-2017/6.-hva-skal-skolen-gjøre-aktivitetsplikten/>

Wibeck, Victoria (2011). *Fokusgrupper*. Malmö: Studentlitteratur

## 8. Vedlegg

### 8.1 Vedlegg 1: Intervjuguide

Kva gjer de i friminuttet?

- Har de faste gjeremål, eller driv de med forskjellige aktivitetar frå friminutt til friminutt?

Er de med dei same heile tida, eller er du med forskjellige klassekameratar?

Har alle nokon å vere med?

- Sørgar de for at alle har nokon å vere med?

Kjem de på nokre aktivitetar de kunne tenkte dykk å ha i friminuttet?

Kva arena inneholder mest negativ språkbruk?

- Klasserommet, fotballbana, friminuttet generelt, utanfor skulen, sosiale medium eller andre?

Kan du kome med kommentarar som du angrar på i ettertid? Hender det at du seier noko utan å tenkje?

- Kva får det deg til å føle?
- Kva trur du det får andre til å føle?

Har nokon sagt noko til deg som du ikkje likte?

- Gjorde du noko med det?
- Kva fekk det deg til å føle?

Har du hørt at nokon snakkar stygt til andre?

- Korleis reagerer dei som blir snakka stygt til?
- Har du eit ansvar når ein klassekamerat får stygge kommentarar?
- Kva kan du gjere?
- Har du nokon gong sagt i frå til personen som plagar eller til lærar dersom du har sett noko?

Kva ord blir brukt de elevar i mellom?

- Veit de kva desse orda betyr?
- Kor har du lært desse orda? Klassekamerat, eldre sysken, sosiale medium, TV?

Kvifor trur du vi snakkar til kvarandre med stygge ord?

- Kven får noko ut av å bruke stygge ord i ein samtale?
- Korleis kan bruken av stygge ord påverke elevar?

Har du snakka med foreldra dine om språkbruken på skulen?

- Kva snakka de om?

- Syns du det var ubehageleg å snakke med foreldra dine om dette?

Gir det deg rett til å vere stygge med andre viss andre er stygge med deg?

Korleis bør ein reagere dersom ein blir snakka stygt til eller ser at andre blir snakka stygt til?

Korleis kan ein legge til rette for at alle snakkar til kvarandre på ein finare måte?

## 8.2 Vedlegg 2: Samtykkjeerklæring

Høgskulen på Vestlandet

# Samtykkjeerklæring for intervju

Eg studerer grunnskulelærar 5-10 ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Eg har hatt praksis på [REDACTED]. Dette semesteret skriv eg bachelor i pedagogikk, og ynskjer å gjennomføre eit intervju med ei gruppe elevar.

### Mål

Målet med oppgåva er å snakke med elevar om deira kommunikasjon seg imellom gjennom eit felles gruppeintervju om trivsel og språkbruk.

### Gjennomføring

Eg kjem til å gjennomføre eit gruppeintervju med elevar på [REDACTED]. Tema vi vil diskutere er trivsel og språkbruk på klassesteget.

All deltaking er frivillig, og eleven kan når som helst velje å ikkje svare på eit spørsmål, avslutte intervjuet eller trekkje tilbake informasjon som er gitt under intervjuet.

### Teieplikt

All informasjon som blir samla inn under studieundersøkinga vil vere konfidensiell og bli sletta i etterkant. Svara som kjem gjennom intervjuet vil vere anonyme og vil ikkje kunne knytast opp mot eleven.

### Tillating

Det vil bli nytta lydopptak under intervjuet. Informasjonen som kjem fram vil kun bli brukt i samband med bachelor.

---

Eg har lest og forstått informasjonen over og gir mitt samtykkje til at mi dotter/min son deltek i intervjuet

Stad og dato

Føresett

Elev

---

Har du spørsmål angående prosjektet, ver venleg å ta kontakt med meg.

Brage Johannes Sterri Yndesdal

Tlf: 950 80 612

Mail: dalsvegen@gmail.com